

## TA 2020/19 DRONNINGENS GATE 24

Arkeologisk overvaking i samband med graving for utbetring av akutt kloakklekkasje, Dronningens gate 24, Trondheim

Tidemansen, Kjersti







Tittel TA 2020/19 Dronningens gate 24 Arkeologisk overvaking i samband med graving for utbetring av akutt kloakklekkasje, Dronningens gate 24, Trondheim	Rapporttype/nummer NIKU Oppdragsrapport 58/2022	Publiseringsdato 10.06.2022
	Prosjektnummer 1021950	Oppdragstidspunkt 20.10.2020
	Forsidebilde Profil med kulturlag, sett mot aust. Da63995_002.	
Forfatter(e) Tidemansen, Kjersti	Sider 14	Tilgjengelighet Åpen
	Avdeling Arkeologi	

Prosjektleder Kjersti Tidemansen
Prosjektmedarbeider(e) Synne Husby Rostad
Kvalitetssikrer Ann Kathrin Jantsch

Oppdragsgiver(e) Trondheim bydrift
---------------------------------------

Sammendrag I samband med graving for utbetring av akutt kloakklekkasje i Dronningens gate 24, vart det gjennomført ei arkeologisk overvaking av gravearbeidet av ei grøft på tomte. Det vart påvist intakte, automatisk freda kulturlag ca. 1,2-1,5 under overflata, i ca. 0,15-0,5 m tjukkelse. Det grave tomtearealet utgjorde ca. 5 x 5 meter, og det var grave ned til ca. 2,5 meter djupne. Prøveresultata viser aktivitet tidlegast frå yngre steinalder og fram til sein mellomalderperiode.
--

Emneord arkeologi, mellomalderby, trondheim, dronningens gate, automatisk freda kulturlag, etterreformatorisk, førreformatorisk, steinalder, C14
---

Avdelingsleder

Lise-Marie Bye Johansen



## Innholdsfortegnelse

1	Innleiing .....	7
2	Tiltaket sitt omfang .....	8
3	Historikk og problemstillingar.....	8
3.1	Problemstillingar .....	8
4	Metode og gjennomføring.....	9
5	Resultat.....	10
6	Samanfatning og konklusjon .....	10
7	Litteratur.....	11
8	Vedlegg.....	11


## Figurliste

Figur 1.	Tiltaksområdet innanfor Mellomalderbyen Trondheim.....	7
Figur 2.	Kartutsnitt over tiltaksområdet ved Dronningens gate 24. Jomfrugata mot nord og Stiftsgårdsparken i sør. Utarbeidd av Dovre Entreprenør. ....	8
Figur 3.	Grøft i Dronningens gate 24. Sett mot sør. Da63995_001. ....	9
Figur 4.	Kulturlagsprofil mot søraust. Naturleg undergrunn under. Profilen mot aust (venstre for målestokk) har nedsunke kulturlag. Da63995_003. ....	10



## 1 Innleiing


Dovre entreprenør søkte 14.10.2020 på vegner av Trondheim bydrift Riksantikvaren om inngrep i det automatisk freda kulturminnet Mellomalderbyen Trondheim kulturminne-id. 90288 i samband med akutt kloakklekkasje i Dronningens gate 24 (fig. 1). Saken var meldt inn som ein hastesak. Riksantikvaren innhenta ei kort tilråding frå NIKU Trondheim 15.10.2020, og ga same dag foreløpig løyve etter kulturminnelova til tiltaket med vilkår om arkeologisk overvaking av arbeidet og at tiltakshavar plikta å dekkje utgiftene for den arkeologiske overvakinga. Endeleg vedtak om dispensasjon etter kulturminna § 8.1 ledd vart varsla vedteke i etterkant av tiltaket, basert på ei utrekning av kostnader for den arkeologiske overvakinga. NIKU sendte budsjett i saken til Riksantikvaren 03.11.2020. Riksantikvaren fatta endeleg vedtak om dispensasjon frå kulturminnelova § 8.1 ledd den 03.11.2020 (RA ref. 20/11337-9).



Figur 1. Tiltaksområdet innanfor Mellomalderbyen Trondheim.

## 2 Tiltaket sitt omfang

Tiltaket omfatta ei grøft på inntil 5 x 5 meter, med graveskråning og djupne ned til ca. 2,5 meter.



Figur 2. Kartutsnitt over tiltaksområdet ved Dronningens gate 24. Jomfrugata mot nord og Stiftsgårdsparken i sør. Utarbeidd av Dovre Entreprenør.

## 3 Historikk og problemstillingar

Tiltaksområdet låg innanfor det automatisk freda kulturminnet Mellomalderbyen Trondheim kulturminne-id. 90288. Mellomalderbyen Nidaros låg på Nidarneset, langs vestsida av Nidelva sitt utløp i Trondheimsfjorden. Med den beskytta hamna var Nidaros frå byrjinga viktig for handel og sjøfart. Allereie på 900-talet låg ei busetting med hamn langs den vestre elvebredda. Bebruarane dreiv med handverk og handel (Askeladden 2022).

Tiltaksområdet i Dronningens gate 24 låg i utkanten av, og vest for kjerneområdet for busettinga i mellomalderbyen. Nærområdet er prega av dyrkingsspor i førhistorisk tid (Reed og Cadamarteri 2018:18-19), og også knytt til mellomalderbyen. Dyrkingslag over naturleg undergrunn i nærområdet til tiltaksområdet kan truleg settast i samanheng med jordbruksaktivitet i mellomalderen (TA 2001/11).

Dyrkingslaga kan også settast i samband med jordbruksaktivitet kjend frå historiske kjelder frå før brannen i 1681. Kornlykkjer er nemnt opp mot dagens Dronningens gate, og i/ved tiltaksområdet. Vest for Vaterlandsveita, låg Rådmann Peder Madsen si kornlykkje og vest for denne mot dagens Munkegata låg Oluf Christophersen Tønder si lykkje (Berg 1951).

Frå tidlegare undersøkingar rett ved tiltaksområdet er det påvist bevarte kulturlag (TA 2001/11).

### 3.1 Problemstillingar

Med bakgrunn i dei faglege forholda nemnt ovanfor og satsingsområda i Riksantikvaren sitt faglege program for mellomalderarkeologi (Johannessen et al. 2015:177-179), var desse problemstillingane aktuelle for den arkeologiske undersøkinga:

**Kulturlag:** Er det kulturlag i tiltaksområdet, og i så fall av kva for karakter og omfang?

**Hagebruk i mellomalderbyane:** Kan eventuelle kulturlag relaterast til hagebruk/dyrking, og kva for datering har dette?



## 4 Metode og gjennomføring

Den arkeologiske undersøkinga vart gjennomført 20.10.2020. Dei moderne massane i grøfta vart grave opp med gravemaskin ned til kloakklekkasjen på ca. 2,5 meter djupne.

Grøft og profiler (fig. 3) mot aust, nordaust og søraust vart dokumentert med foto og skildringar. <sup>14</sup>C-prøver vart samla inn frå kulturlagsprofilen (tabell 1). Grøfta vart målt inn med CPOS. Det var også forsøkt å måle inn høgde på kulturlag og måle inn <sup>14</sup>C-prøver, men varierende signal til CPOS gjorde dette utfordrande.

Prosjektet er lagt inn i Askeladden, Riksantikvarens offisielle database over kulturminner og kulturmiljøer under prosjektnummer **507**.

Laboratorie nr. (UBA nr.)	Kontekst	Kalibrert alder (2 sigma)	<sup>14</sup> C- verdi	Beskrivelse
44176	KP1	BC 2448-2150	3831 ±25	Kulturlag
44177	KP2	AD 1283-1391	656±24	Kulturlag

**Tabell 1. Tabell over prosjektets <sup>14</sup>C-dateringer. Tabellen viser både kalibrert alder (2 sigma), samt <sup>14</sup>C-verdien. Analyserapporten fra Chrono Belfast fins i vedlegget.**



**Figur 3. Grøft i Dronningens gate 24. Sett mot sør. Da63995\_001.**

## 5 Resultat

Dei etterreformatoriske kulturlaga i toppen av grøfta inneheldt gråbrun sand med dyrebein, raud og gul tegl, krittpepfragment og keramikk. Det var kablar og forstyrrelser i søraust. Den austlege og søraustlige delen av profilen var mest uforstyrra. Kulturlagene i aust låg ca. 1,5 m under overflata og inneheldt gråbrun og humushaldig sand. I søraust var toppen av kulturlaget ca. 1,2-1,3 m under overflata, og var ca. 0,15-0,2 m tjukt. Ein kolprøve vart tatt frå kulturlaget rett over den naturlege undergrunnen i aust. Laget vart datert til yngre steinalder, BC 2448-2150 (UBA-44176). Ein annan kolprøve vart tatt frå den nordaustlige profilen. Laget her vart datert til sein mellomalder, AD 1283-1391 (UBA-44177). Naturleg undergrunn låg ca. 1,8 -2 m under overflata og inneheldt gulbeige sand.



Figur 4. Kulturlagsprofil mot søraust. Naturleg undergrunn under. Profilen mot aust (venstre for målestokk) har nedsunke kulturlag. Da63995\_003.

## 6 Samanfating og konklusjon

I samband med akutt kloakklekkasje i Dronningens gate 24 vart det gjennomført ei arkeologisk overvaking av gravearbeidet. Det gravde tomtearealet utgjorde ca. 5 x 5 meter, og det var grave ned til ca. 2,5 meter djupne. Dronningens gate ligg i utkanten, nord for det bebygde kjerneområdet av mellomalderbyen og har vore eit åpent åkerlandskap. Prøveresultata viser aktivitet tidlegast frå yngre steinalder og fram til sein mellomalderperiode.

## 7 Litteratur

Berg, Henry 1951: Trondheim før Cicignon: gater og gårder før reguleringen 1681. Trondheim: I kommisjon: A. Holbæk Eriksen, 1951.

Johannessen, Live og Jan-Erik G. Eriksson 2015: Faglig program for middelalderarkeologi. Byer, sakrale steder, befestninger og byer. Riksantikvaren 2015.

Reed, Ian; Julian Cadamarteri 2018: Prosjektbeskrivelse for arkeologiske undersøkelser i forbindelse med teknisk infrastruktur, byggetrinn 2, Torget, Trondheim. NIKU prosjektnummer 1021273.

## 8 Vedlegg

### Fotoliste

Fotokort_id	Filnavn	Motiv	Sett mot	LokalitetsID	Fotograf	Opptaksdato
444319	Da63995_001.tif	Oversiktsbilde av gravd grøft i Dronningens gate 24.	S	90288	Kjersti Tidemansen	20.10.2020
444320	Da63995_002.tif	Austlig profil i grøft. Med 2 m målestokk.	Ø	90288	Kjersti Tidemansen	20.10.2020
444321	Da63995_003.tif	Søraustlig profil i grøft. Med 1 m målestokk.	SØ	90288	Kjersti Tidemansen	20.10.2020
444322	Da63995_004.tif	Austlig profil i grøft. Med 1 m målestokk.	Ø	90288	Kjersti Tidemansen	20.10.2020
444323	Da63995_005.tif	Nordaustlig profil i grøft. Med 1 m målestokk.	NØ	90288	Kjersti Tidemansen	20.10.2020

UBANo	Sample ID	Material Type	<sup>14</sup> C Age	±	F14C	±	mg Graphite
UBA-44173	Rodven KP1	too small for species identification	7951	33	0.3717	0.0015	0.507
UBA-44174	Munkegata KP1	too small for species identification	463	33	0.9440	0.0038	1.026
UBA-44175	Munkegata KP2	Pinus Sylvestris	387	26	0.9530	0.0031	1.012
UBA-44176	Dronningensgate 24 KP1	mixture of conifer and possible fragment of hazelnut	3831	25	0.6207	0.0020	1.036
UBA-44177	Dronningensgate 24 KP2	Betula and conifer	656	24	0.9215	0.0027	0.979

Karoline Myhrvold  
NIKU  
Postboks 736 Sentrum  
Oslo 0105  
Norway



<sup>14</sup>CHRONO Centre  
Queens University Belfast  
42 Fitzwilliam Street  
Belfast BT9 6AX  
Northern Ireland

Karoline Myhrvold  
NIKU  
Postboks 736 Sentrum  
Oslo 0105  
Norway



<sup>14</sup>CHRONO Centre  
Queens University Belfast  
42 Fitzwilliam Street  
Belfast BT9 6AX  
Northern Ireland

**Radiocarbon Date Certificate**

Laboratory Identification: UBA-44176  
Date of Measurement: 2021-03-01  
Site: 1021950 Dronningensgate 24  
Sample ID: Dronningensgate 24 KP1  
Material Dated: charcoal  
Pretreatment: AAA  
mg Graphite: 1.036  
Submitted by: Kjersti Tidemansen

Conventional <sup>14</sup> C Age:	3831±25 BP
Fraction corrected	using AMS $\delta^{13}C$

**Radiocarbon Date Certificate**

Laboratory Identification: UBA-44177  
Date of Measurement: 2021-03-01  
Site: 1021950 Dronningensgate 24  
Sample ID: Dronningensgate 24 KP2  
Material Dated: charcoal  
Pretreatment: AAA  
mg Graphite: 0.979  
Submitted by: Kjersti Tidemansen

Conventional <sup>14</sup> C Age:	656±24 BP
Fraction corrected	using AMS $\delta^{13}C$

UBA-44176  
44176

Radiocarbon Age BP 3831 +/- 25  
Calibration data set: intcal20.14c  
% area enclosed cal AD age ranges

68.3 (1 sigma)	cal BC 2339- 2323
	2302- 2272
	2258- 2205
95.4 (2 sigma)	cal BC 2448- 2421
	2405- 2378
	2350- 2199
	2164- 2150

Median Probability: -2275

# Reimer et al. 2020  
relative area under probability distribution

0.129
0.287
0.583
0.029
0.061
0.893
0.017

```

UBA-44177
44177
Radiocarbon Age BP      656 +/-  24
Calibration data set:  intcal20.14c
% area enclosed         cal AD age ranges

# Reimer et al. 2020
relative area under
probability distribution

68.3 (1 sigma)         cal AD 1291- 1308
                        1362- 1387
                        0.378
95.4 (2 sigma)         cal AD 1283- 1322
                        1356- 1391
                        0.622
Median Probability:    1357
                        0.476
                        0.524

```

Norsk institutt for kulturminneforskning er et uavhengig forsknings- og kompetansemiljø med kunnskap om norske og internasjonale kulturminner.

Instituttet driver forskning og oppdragsvirksomhet for offentlig forvaltning og private aktører på felter som by- og landskapsplanlegging, arkeologi, konservering og bygningsvern.

Våre ansatte er konservatorer, arkeologer, arkitekter, ingeniører, geografer, etnologer, samfunnsvitere, kunsthistorikere, forskere og rådgivere med spesiell kompetanse på kulturarv og kulturminner.

[www.niku.no](http://www.niku.no)

NIKU Oppdragsrapport 58/2022

**NIKU hovedkontor**  
Storgata 2  
Postboks 736  
Sentrum  
0105 OSLO  
Telefon: 23 35 50 00

**NIKU Tønsberg**  
Farmannsveien 30  
3111 TØNSBERG  
Telefon: 23 35 50 00

**NIKU Bergen**  
Dreggsallmenningen 3  
Postboks 4112  
Sandviken  
5835 BERGEN  
Telefon: 23 35 50 00

**NIKU Trondheim**  
Kjøpmannsgata 1b  
7013 TRONDHEIM  
Telefon: 23 35 50 00

**NIKU Tromsø**  
Framsenteret  
Hjalmar Johansens  
gt. 14  
9296 TROMSØ  
Telefon: 77 75 04 00